



Bygdenytt



eit informasjonsblad frå Valle kommune

MAI 2023

PROGRAM FOR 17.MAI 2023, VALLE KOMMUNE



- 0700 Skramletog frå Motorsenteret AS, Rysstad.
Ta med skramleutstyr og blåser!
- 1030 Oppstilling av bilar og køyretøy, Rysstadmo industriområde.
- 1100 Biltog
Agder motorhistoriske klubb avd. Setesdal leier kortesjen. Køyrrute rv 9 opp til Einang, Homme, Tveitebø, og sørover. Kortesjen svinger opp til bygdeheimen. Deretter sørover til Valle kyrkje der elevar frå 9. klasse legg ned krans ved bautaen. Dei som vil delta i konkurransen «Finast pynta bil» parkerer på oppmerka plass ved soknehuset, andre skal parkere ved Coop eller ved Bjugsbakk.
- 1200 Gudsteneste i Hylestad kyrkje ved Toralv Frøysaa Lie
Kransenedlegging og markering ved bauta ved 9.klasse
Folketog frå Hylestad kyrkje til Hylestad soknehus etter markeringa ved bautaen. Klassesetog først, så folketog
- 1200 Matsserveringa opnar
- 1315 Musikalsk innslag ved Knut Olav Uppstad og allsong «Fagert er landet»
- 1330 Aktivitetar og leikar
- 1530 Program
- Utdeling av premiar
 - Allsong «Ja, vi elsker dette landet»
 - Tale for dagen ved Odd-Inge Uleberg
- 12-21 Bilrebusløp arr. FAU

VALLE BYGDEHEIM:

- 1030 Tale ved ordførar og kulturinnslag ved Kirsten B. Berg og Hallvard T. Bjørgum.
- 1115 Ut å sjå på biltoget som kjem oppom heimen
- 1200 Direkte overføring av gudsteneste i Hylestad kyrkje
- 1315 Middag mm
- 1530 Overføring av tale frå Hylestad soknehus

Dagsenteret er opent for alle - vi ønskjer hjarteleg velkomen til hyggeleg samvere!

Hjarteleg til lykke med nasjonaldagen!



Valle kommune

GJESTFRI FOR NYE TANKAR

KOMMUNEN INFORMERER

Strømstøtte for bedrifter - Valle kommune

Det blir høve til å søkje om strømstøtte for bedrifter i Valle kommune. Søknadsperioden gjeld frå 1.1.2023 – 1.5.2023. Strømstøtta tilsvarar den den statlege ordninga for privatpersonar. Meir informasjon og søknadskjema blir lagt ut på heimesida til kommunen. **Frist for søknad: 1.6.2023.**

TT-kort

Søknadsfrist for transporttenesta for funksjonshemma 2. halvår 2023 er **15. mai.**

LANDBRUKSAVDELINGA INFORMERER

Kommunalt landbrukstilskot

Det er no vedteke nytt reglement for kommunalt landbrukstilskot i Valle kommune.

Normal søknadsfrist er 1.mai, men på grunn av at det har tatt noko tid å utarbeide elektronisk søknadsskjema vert søknadsfristen i år **25.mai.** Sidan søknadsløysinga er ny, så kan det vere feil i den som ikkje er oppdaga. Me sett pris på om dykk tek kontakt med velkomst eller landbruksavdelinga viss dykk oppdagar noko som skurrar.

Søknadsløysinga og det nye regelverket finn du her: «kommunalt tilskot til landbruket» på heimesida.



Foto: Arvids Marthinus Fotografiske Selskap - Høng 1971 p.4

Informasjon frå Helsetenesta i Bykle og Valle

På grunn av sjukdom vil det i tida framover vere redusert kapasitet på legekontora i Valle, Bykle og Hovden.

Dag Skagestad vil vere vikar i Valle enkelte dagar i april og mai.

1.juni 2023 byrjar Kristine Dåsvatn i eitt års vikariat hjå oss. Ho vil tenestegjere på alle kontora.

Datoar å merke seg:

Måndag 1. mai 2023: Alle legekontora stengt. Ordinær legevakt.

Tysdag 16. mai 2023: Hovden legekantor stengt. Samdrift av legekontora på Valle legekantor.

Onsdag 17. mai 2023: Alle legekontora stengt. Ordinær legevakt.

Torsdag 18. mai 2023: Alle legekontora stengt. Ordinær legevakt.

Fredag 19. mai 2023: Valle legekantor stengt. Samdrift av legekontora på Hovden legekantor.

Måndag 29. mai 2023: Alle legekontora stengt. Ordinær legevakt.

Du kan nå ditt legekantor på dei vanlege telefonnummera, sjølv om det er samdrift.

Valle tlf. 379 37 540

Bykle tlf. 379 38 670

Hovden tlf. 379 38 680

Legevakt: 116 117

HØYRSEL

Audiograf Caroline Dankworth kjem på kommunebesøk, kjellaren på Valle Bygdeheim Onsdag 24 Mai

Dette er kun for dei som hev h.app.

Ring Liv Gunn viki 900 79562 om du treng time :)

KULTUR OG FRITID INFORMERER

Valle kulturskule

- søknad om elevplass

Søknadsskjema for elevplass for komande skuleår finn du på heimesida til Valle kommune.

Frå og med skuleåret 2023/2024 tek vi i bruk administrasjonssystemet SpeedAdmin. Dette er eit system med mange mogelegheiter, også når det gjeld kommunikasjon kulturskule-heim, og vi ser fram til å ta systemet i bruk.

Merk søknadsfrist 15.mai.

Ungdomsklubb og juniorklubb mai og juni

Vår ungdomsarbeidar har permisjon i april, mai og juni. Vikarar saman med vår fast tilsette medarbeidar Liv Åkre Trydal vil vere Viktor Hristov og Monica Rygnestad.

Biblioteket vil framleis vere oppe som vanleg for ungdomar onsdagar kl. 1600-1800.

Mai	Juni
Onsdag 3.mai Ungdomsklubb kl 18.30-21.30	Onsdag 7.juni Ungdomsklubb kl 18.30-21.30
Onsdag 10.mai Ungdomsklubb kl 18.30-21.30	Onsdag 14.juni Juniorklubb kl 19-21.00
Onsdag 24.mai Juniorklubb kl 19-21.00	
Onsdag 31.mai Ungdomsklubb kl 18.30-21.30	

Aldergrense for avtale om bruk av meiroppe bibliotek for ungdomar

Ungdomar kan bruke meiroppe bibliotek **frå og med det året du fyller 15 år**. Er du under 18 år må du ha underskrift av foreldre. Du fyller ut avtale ved å møte opp på biblioteket - anten personleg eller ved foreldre.

Fritidsoppe basseng

Vi avsluttar snart sesongen for framililebading, vaksensymjning og badstove. Siste gong vi har oppe føre sommarferien er 16.mai.

Nye tidspunkt for faste arrangement

I Sæbyggjen

Babysong: tysdagar kl. 1015

Song for alle: tysdagar kl. 1100

Refusjon av årskontingent familie, Valle IL

Valle kommunestyre vedtok i budsjett 2023 å innføre «familiekort» for alle familiar med barn under 16 år (gjeld til og med det året yngste barnet fyller 16 år).

Familiekortet skal dekke årskontingent i Valle IL med kr. 200 per medlem (inntil kr. 800 per familie), og årskort for familiebadning kr. 860. Totalt inntil kr. 1680 per familie.

Du finn refusjonsskjemaet for familiekort årskontingent Valle IL på heimesida vår, under Kommunale tenester - Kultur og fritid - Tilskot og stipend.

TYSDAGAR I SÆBYGGJEN



BABYSONG ~ MUSIKK FRÅ LIVETS BEGYNNELSE

Nytt tidspunkt: Tysdag kl. 1015-1045

Vi ønskjer deg og babyen din velkomne til koseleg musikkstund!

Ved Anna Slaby Driel, tlf. 467 89 532.

Arr. Kultur og fritid



SONG FOR ALLE

Nytt tidspunkt:

Tysdag kl. 1100-1200

**Hjarteleg velkomne til uformell allsongstund
for vaksne som liker å synge!**

Anna Slaby Driel leiar songen, vi syng med den stemmen vi har
og har ei triveleg kaffistund saman.

Arr. Kultur og fritid



Valle kulturskule

Våre tilbud:

- ♫ Song
- ♫ Piano
- ♫ Klassisk gitar, el-gitar, bassgitar, ukulele
- ♫ Trommer/slagverk, djembe
- ♫ Fiolin
- ♫ Breiddetilbud nybyrjar - eleven blir kjent med og får prøve ut fleire instrument
- ♫ Nytt tilbud: Dans

Kva for tilbud vi kan gi avheng av etterspurnad og tilgjengelege lærarressursar. Vi oppmodar derfor alle søkjarar om også å fylle ut 2.val i søknadsskjemaet.

Ordinær elevplass i Valle kulturskule er vanlegvis for elevar i 1.klasse og oppover.

Det kan også vere aktuelt å gi gruppeundervising, dersom fleire nybyrjarar søker på same instrument.

Vi tek inn elevar frå vidaregåande skule, og, dersom kapasitet, også vaksne.

I tillegg har vi sjølvsagt spennande tilbud innaføre UNESCO-arva vår, folkemusikk og folkedans:

- ♫ Hardingfele
- ♫ Kveding
- ♫ Munnharpe
- ♫ Leikarring / dansering

Søknadsskjema på www.valle.kommune.no frist 15.mai

Spørsmål? Kontakt leiar kultur og fritid,
torunn.charlotte.nvberg@valle.kommune.no, tlf. 970 61 587.

Årsmøte for Bykle og Valle kunstlag

Styret har gleden av å invitere alle medlemmer til årsmøte 2023

Tidspunkt: Torsdag 25 mai

Sted: Møterom, Hovdestøylen, 4755 Hovden

Foredrag, enkelt servering

Velkommen!

NB! Frist for påmelding

Snarest mulig, men senest mandag 22 mai.

ella@uleberg.no

Tel. 95969999



**Frist for innsending til Bygdenytt
for juni er 24.mai.
Send til sentralbord@valle.kommune.no**

PROGRAM FOR DAGSENTERET I MAI

KL. 10.30 - 14.00

ONSDAG 3. MAI Per Emanuelsen og norges senior shop kjem til bygdeheimen med stort utval av klær

ONSDAG 10 MAI TORE HALVORSEN (sjå eige skriv)

ONSDAG 17 MAI INFO ANG DAGEN VERT GJEVE PÅ DAGSENTERET

ONSDAG 24 MAI Monica T.Rygnestad viser bilete

ONSDAG 31 MAI Per Emanuelsen og Sosialt samvær

Dansekveldar våren 2023

Kom og dans! GRATIS og ope for alle!

Tysdag 18.april	Dansekveld	Bykle samfunnshus	kl. 18.30-20.30
Fredag 5.mai	Dansekveld	Hylestad soknehus Dei som ynskjer kan gå vidare til Sølvgarden på folkemusikkpub!	kl. 18.30-21.30
Onsdag 31.mai	Dansekveld	Hylestad soknehus Rett etter leikarring. Film for dei yngste.	kl.18.00- 20.00

Kva kan du forvente?

I tillegg til gangardans, og innføring for dei som treng det, vil me gjerne danse både gamaldans eller swing.

Me tek ei pause med enkel servering og god røe.

Sæbyggjan slår eit slag for folkehelsa og ikkje minst oppretthalde og føre vidare kulturarven vår, som er på UNESCO si liste for immateriell kulturarv!



Valle bygdeheim

onsdag 10.mai kl. 11.00

TORE HALVORSEN

"Godt å se deg igjen!"



Tore Halvorsen har sett dansebandmusikken på det musikalske noregskartet, og er ein av våre mest kjende og populære songarar og underhaldarar.

Mest kjent er Tore som vokalist og frontfigur i dansebandet Ole Ivars. Songar som «Nei så tjukk du er blitt» og «Jag trodde englarna fanns» er blitt allemannseige, og Ole Ivars fekk også fleire Spelemannprisar.

Dagsenter startar kl. 10.30. Gratis inngang. Vel møtt!

Arr. Valle kommune i samarbeid med Kirkelig kulturverksted

Gospel-kveld i Skafsåheii Fjellkyrkje



Fredag 5. mai kl. 1900

Fredheimkoret frå Kviteseid byr på frisk
gospelsong

Allsong

Enkel servering

Kollekt

Velkomen!

Arr: Fjellkyrkjelaget



NOMELAND BEDEHUS



Møte med Alf og Hilde Halvorsen frå Normisjon

Dei vil bla. fortelle frå arbeidet i Mali.

Fredag 5. mai kl. 19:00

Lørdag 6. mai kl.17 og kl.19

Det blir enkel servering mellom møta

Alle velkomne!

REMY ANDRE HORNES kjem og taler og syng
på Nomeland bedehus måndag 8. mai kl 19.00

Han har ei fortid med rus, kriminalitet og
okkultisme.

Så møtte han Jesu kjærleik og
livet vart forvandla.

No bruker han livet sitt til å
forkynne evangeliet om Guds
frelse.



Velkomne!

Valle Allidrettsklubb

Velkomen til klubbkveld i Vallehalli
laurdag 13.mai kl 18.00-21.00. Det
blir aktivitetar i hallen og kiosk.

Andakt v/ Finn Ansgar Roll.

Siste allidrett før sommaren blir laurdag 3. juni.



BASAR

Homme og Tveitebø Grendehus (Vonheim)

laurdag 6. mai kl. 12.00 -18.00

suppe, eplekake, kaffe m.m.

Alle hjertelig velkomne

Kjøp av lodd: kr. 10,-/lodd

Vipps: 514590

KYRKJA I MAI

Valle kyrkje:

Søndag 7. mai kl 11.00: Gudsteneste ved
sokneprest Toralv Frøysaa

Lie.

1.pinsedag 28.mai kl 11.00:
Høgtidsgudsteneste ved sokneprest
Toralv Frøysaa Lie.

Hylestad kyrkje:

Måndag 1.mai kl 11.00: Gudsteneste ved
sokneprest Toralv Frøysaa Lie.

Laurdag 6.mai kl 14.30: Dåps-gudsteneste
ved sokneprest Toralv Frøysaa Lie.

17.mai kl 12.00: Festgudsteneste ved
sokneprest Toralv Frøysaa Lie.

2.pinsedag - 29.mai kl 11.00: Gudsteneste
ved Toralv Frøysaa Lie.

Andakt på Heimen: Onsdag 3.mai kl 11.00

Karetreff i Kyrkjestova: Tysdag 30.mai. kl
13.00 – 15.00 ved Per Emanuelsen.
Lavterskeltibod for karar med kaffi, vaflar og
ein hyggeleg prat.

Følg oss elles på heimesidene våre:
www.valle.kyrkja.no

**Ønskjer du skyss til kyrkja kan du ringe
Astrid Nomeland, tlf. 911 84 706.**

**Kyrkjekontoret i Valle,
tlf. 977 84 706,**

e-post: post@valle.kyrkja.no

Valle og Hylestad sokn

- DEN NORSKE KYRKJA



DEN NORSKE KYRKJA
Valle og Hylestad sokn

Meir himmel på jorda

Kurs: "Sov godt - lær meir om søvnn"

Har du utfordringar med søvnn?

Mange kan oppleve søvnnvanskar. Slit du med å sovne om kvelden? Vaknar du for tidleg om morgonen? Søv du uroleg, eller vaknar du mange gonger om natta? Dette kurset er eigna for dei som opplev at søvnnvanskar går utover kvardagen.

Kurset er utarbeida av psykologar tilknytta helsedirektoratet. Det inneheld to samlingar og leiast av lokale kurshaldarar frå Setesdal: Hege Haukom, avdelingsleiar på Eyjeheimen, og Mari Haugen Abusland, tidlegare leilande helsesjukepleiar på Eyje helsestasjon.

Etter påmelding vil du få ein telefon fra ein av kursleiarane. Dette for å sikre at kurset vil passe dine behov. Det blir også ein individuell oppfølgingssamtale etter kurset. Kurset er gratis og er åpent for alle i alderen 16 og oppover.

Temaa som blir tatt opp:

- > Søvn og søvnnvanskar
- > Avslapningsteknikkar
- > Gode råd for betre søvnn
- > Søvndagbok
- > Forestillingar om søvnn

Aktivitetssenteret på Eyjeheimen

Stad

Tid

2. og 23. mai kl. 18:00-20:00

Påmelding

Innan 24. april via skjema på www.e-h.kommune.no,

ved å skanne QR-koden under her, eller ved å ringe Servicekontoret på telefon 379 32 300.



Valle bygdekvinnelag

Ønsker å samle dokumentasjon og kunnskap om mellom anna ulike band og belte. Vi treng difor hjelp til å låne tekstiler til boka vi skal lage.

Tema i boka:

- Tyleband/hårband.
- Belte/jure, tevingjure/syvbelte og sauma jure.
- Linde, band til å reive speborn med.
- Stakkelist, sauma eller vovne.
- Slengde sokkeband av ulike slag. Spretti og sprota.
- Hatteband, vovne, sauma, «kaupeband»

Vi set stor pris på om du har noko du kan låne oss!

Tak gjerne kontakt med ein av oss for nærmare informasjon.

Boknemnda:

May Lis Flateland	M: 46803819
Eli Struame Føreland	M: 91614501
Monica Rygnestad	M: 92412225
Grete Fossen	M: 97708535



TORSDAG 4. mai

Kl. 1700 - 6 år. Richard Storken og den mystiske juvelen



Richard, en eventyrlysten spurv oppdratt av storker, overvintret i Nord-Afrika der han møter den gate-smarte Samia og hennes spurvegjeng, som holdes fanget av den grådige og nådeløse påfuglen Zamano. Spurvenes eneste vei til frihet går gjennom å løse en gåte og

bringe Zamano den mytiske juvelen. Sammen med sine vindskeive venner Olga og Kiki, legger Richard ut på en actionfylt ferd for å frigjøre spurvene fra Zamanos klør. På veien får han nye venner – men også et nytt syn på seg selv.

Kl. 1900 – 12 år. Guardians of the Galaxy Vol.3



I Marvel Studios "Guardians of the Galaxy Vol. 3" ser våre kjære utskudd litt annerledes ut. Peter Quill, som fortsatt sørger over tapet av Gamora, må samle gjengen til ett siste oppdrag for å beskytte en av deres egne og kjempe mot en ny, ukjent fiende. Et oppdrag som kan bety slutten for Guardians slik vi kjenner dem.

TORSDAG 1. juni

Kl. 1700 - Ikkje annonser.



Kl. 1900—Fast & Furious 10

Toretto-familien er tilbake i den tiende filmen i Fast & Furious-franchisen. Denne gangen bringer ferden oss gjennom Italia, Brasil, England, Portugal og Antarktis!

Kjøp gjerne kinobillett på

www.bygdekinoen.no .

Klikk på spelestad Valle, Valle kultursenter.



Film er best på kino - støtt din lokale kino!

Vi har eigen kinokiosk med nypoppa popkorn og litt anna snacks og drikke. Velkomen skal du vere!

Kva skjer?

www.valle.kommune.no/http://

www.valle.kommune.no/alle_294594_nn.html

02.05 Kl. 1015	Babysong, Sæbyggjen
02.05 Kl. 11	Song for Alle, Sæbyggjen
03.05 Kl. 1030	Dagsenteret med Per Emanuelsen og senior shop.
04.05 Kl. 17	 Bygdekinoen
05.05 Kl. 1830-2030	Dansekveld, Hylestad soknehus
05.05 Kl. 19	Møte med Alf og Hilde Halvorsen, Nomeland bedehus
05.05 Kl. 19	Gospel- kveld i Skafsåheii Fjellkyrkje
06.05 Kl. 12-18	Basar, Homme og Tveitebø Grendehus
06.05 Kl.17 og 19	Møte med Alf og Hilde Halvorsen, Nomeland bedehus
08.05 Kl. 19	Tale og song med Remy Andre Hornes, Nomeland bedehus
09.05 KL. 1015	Babysong, Sæbyggjen
09.05 Kl. 11	Song for Alle, Sæbyggjen
10.05 Kl. 1030	Dagsenteret med Tore Halvorsen
13.05 Kl. 18-21	Valle allidrettsklubb, Vallehalli
16.05 Kl. 1015	Babysong, Sæbyggjen
16.05 Kl. 11	Song for Alle, Sæbyggjen
	17. mai feiring i kommunen - Sjå framsida!
23.05 Kl. 1015	Babysong, Sæbyggjen
23.05 Kl. 11	Song for Alle, Sæbyggjen
24.05 Kl. 1030	Dagsenteret Monica T. Rygnestad viser bilete
25.05	Årsmøte for Bykle og Valle kunstlag, Hovdestøylen
30.05 Kl. 1015	Babysong, Sæbyggjen
30.05 KL. 11	Song for Alle, Sæbyggjen
31.05 Kl. 1030	Dagsenteret med Per Emanuelsen og Sosialt samvær
31.05 KL. 18-20	Dansekveld, Hylestad soknehus
01.06 Kl. 17	 Bygdekinoen